

### Åpning av det 126. ordentlige Storting.

President: Per Hysing-Dahl.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg fredag den 9. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 126. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Utgangspunktet for kommende 4-årsperiode er et Norge som økonomisk og sosialt er blitt betydelig styrket siden begynnelsen av 1970-årene. Nærings- og arbeidslivet er bygget ut. Sysselsettingen er økt sterkt. Viktige sosiale reformer er gjennomført. Det har vært en sterk vekst i helsesektoren. Levestandarden er bedret, særlig for de svakt stilte gruppene. Med dette utgangspunktet mener Regjeringen at landet best kan utvikles videre etter retningslinjene i Langtidsprogrammet for 1982–1985. Regjeringen legger særlig vekt på:

- arbeid for alle,
- trygging og videre utvikling av vårt vel-ferdssamfunn,
- fortsatt utjamning av levekårene mellom grupper og landsdeler,
- likestilling mellom kjønnene,
- videre utbygging av demokratiet,
- fast samfunnsmessig styring av oljevirksomheten, slik at oljeinntektene kommer hele folket til gode,
- en aktiv fredspolitikk og trygging av landets sikkerhet.

Hovedlinjene i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk må føres videre. Et godt nasjonalt forsvar og et nært politisk og militært samarbeid i NATO-alliansen må fortsatt være hjørnestener i vår sikkerhets- og forsvarspolitikk.

Det er en hovedoppgave å bidra til avspenning, gjensidig rustningskontroll og nedrustning. Arbeid for en kjernevåpenfri sone i nordisk område må gå inn som en del av arbeidet for å bygge ned kjernevåpnene i en større europeisk sammenheng.

Norge må arbeide for å bedre de økonomiske og sosiale vilkårene i utviklingslandene. Den offentlige utviklingsbistanden må øke til 1,3 prosent av bruttonasjonalproduktet i 1985. Norge må delta aktivt i nord/sørfor-

handlingene med sikte på å gjennomføre prinsippene om en ny økonomisk verdensordning.

Norge må støtte arbeidet for å styrke det internasjonale vernet om menneskerettigheten. Norge må gå inn for et sterkere internasjonalt samarbeid om forsvarlig forvaltning av naturressursene og tiltak mot omfattende miljøskader. Proteksjonisme i internasjonal handel og skipsfart må motarbeides.

For å sikre arbeid for alle og en rettferdig fordeling må pris- og kostnadsstigningen dempes. Myndighetene må samarbeide med organisasjonene for å få til en inntektsutvikling som bidrar til dette. Næringslivets konkurranseseevne må trygges. Myndighetene må ta i bruk de arbeidsmarkedstiltak som er nødvendig for å holde full sysselsetting. Sys-selsettingen på de ensidige industristedene må trygges. Det må føres en aktiv distriktspolitikk for å sikre hovedtrekkene i bosettingsmønsteret. Landbrukspolitikken må føres videre ut fra de nåværende retningslinjer. Det nasjonale engasjementet i petroleumsvirksomheten må styrkes, med særlig vekt på Statoils rolle. Oljevirksomheten må føres videre etter de nåværende planer, med økende vekt på undersøkelser utenfor Midt- og Nord-Norge. Elektrisitetstilgangen må sikres ved en fortsatt moderat vannkraftutbygging. Det må utarbeides en samlet plan for forvaltning av gjenværende vassdrag.

Den teknologiske utdanningen må styrkes på alle trinn. Omfanget av fagopplæring i arbeidslivet må økes. Målene som er trukket opp for voksenopplæringen, må virkelig gjøres. Kulturpolitikken må føres videre etter retningslinjene i den nye Kulturmeldingen. Kulturminnevernet må bygges videre ut. Vernet av norsk natur og naturvern forskningen må styrkes. Det må legges stor vekt på bedring av de svake og utsatte gruppene stilling. Innsatsen for bedre nærmiljøer må økes. Arbeidet med en samlet nasjonal helseplan må sluttføres.

Under henvisning til Grunnlovens paragraf 74 henledes for øvrig Stortingets oppmerksomhet på enkelte av de saker som er ferdig behandlet eller under arbeid i Regjeringen innenfor rammen av Langtidsprogrammet:

- bedre arbeidsmuligheter for yrkeshemmede,
- gjennomføring av ungdomsgarantien med tilbud om opplæring eller arbeid for all ungdom under 20 år,
- iverksetting av aksjonsplanen for barn og ungdom,
- en betydelig økning i satsene for statens tilskudd til barnehager og fritidshjem for å bedre kommunenes muligheter til et

- høyere tempo i utbyggingen,
- gjennomføring av tiltakene i handlingsplanen for likestilling mellom kjønnene,
  - gjennomføring av rett til videregående opplæring for funksjonshemmede,
  - tiltak som gir samme styring over statens utgifter til private utdanningstilbud som til offentlige,
  - ytterligere tiltak for å bedre levekårene for den samiske befolkningen,
  - gjennomføring av bedre sosialtjenester og helsetjenester i nærmiljøet, etter hovedlinjene i det foreliggende lovforslag,
  - økt innsats mot narkotikaproblemmene,
  - gjennomføringen av forslagene i Alkoholmeldingen,
  - statlig støtte til etablering og drift av krisesentra,
  - revisjon av Langtidsplanen for fiskerinæringen, med vern og oppbygging av ressursene i havet,
  - plan for jernbanepolitikken og luftfartspolitikken,
  - tilpassing av transporttilbudene for funksjonshemmede,
  - framlegging av første ordinære ressursbudsjett. Styrking av fylkenes arbeid med miljø og ressursoppgavene,
  - føre videre arbeidet etter Stortingets behandling av meldingen om stat og kirke.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 126. ordentlige Storting åpnet.

Melding fra Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Kari Gjestebry:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding:

Noreg har gjennom aktivt arbeid i Dei sameinte nasjonane og andre internasjonale organ prøvd å fremje det mellomfolkelege samarbeidet med sikte på avspenning, fred og internasjonal økonomisk og sosial rettferd.

Noreg legg stor vekt på FNs arbeid for å verne om freden og har teke del i FN-styrken i Libanon (UNIFIL) sidan den vart oppretta i 1978. Styrken er svært viktig for å halde konflikten i Libanon under kontroll og for situasjonen i heile Midt-Austen-regionen.

I FN og andre internasjonale organ har Noreg stødd dei folkegruppene som enno kjempar for fridom og menneskeverd.

Noreg står arbeidet med å finne fredelege løysingar på konfliktane i Afghanistan og Indokina. Desse løysingane bør byggje på til-

baketrekking av dei utanlandske styrkane og sikre sjølvråderett for folka utan framand innblanding.

Regjeringa seier seg lei for at Sør-Afrika har hindra at FN-planen om sjølvstende for Namibia er vorten gjennomført. Noreg arbeider for at det internasjonale presset på Sør-Afrika skal halde fram. Vi har teke initiativet til eit samarbeid mellom dei oljeproduserande landa som har som politikk ikkje å selje olje til Sør-Afrika, med sikte på at ein skal komme fram til tiltak som sikrar at denne politikken blir følgd opp. Ein tek sikte på ein FN-konferanse om problema i 1982.

Noreg gjev humanitær hjelp til frigjeringsrørslene i det sørlege Afrika og til dei som er offer for apartheidpolitikken. Hjelpa blir kanalisiert gjennom norske og internasjonale hjelpeorganisasjonar og gjennom afrikanske frigjeringsrørsler og organisasjonar.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet for å styrke og effektivisere det internasjonale menneskerettsvernet og for å hindre brott på menneskerettane. Særleg viktig er arbeidet med å byggje ut ordningar som set verdssamfunnet i stand til å leggje press på regime som krenkjer menneskerettane.

Noreg står prinsippet om eit utvida menneskerettsomgrep, som omfattar både sivile og politiske rettar og dei økonomiske, sosiale og kulturelle rettane.

Elles har ein frå norsk side teke del i arbeidet for å avskaffe dødsstraff, tortur, rasisme, rasediskriminering og religiøs intoleranse.

Noreg samarbeider særleg med dei andre nordiske landa for å fremje interessene til urfolka i internasjonal samanheng.

Noreg gjev omfattande hjelp til flyktningar i mange land. Noreg garanterer for innreise for indokinesiske båtflyktningar som blir tekne opp av norske skip.

Regjeringen har til no gjeve slike garantiar for vel 4 800 personar, og over 2 500 austasiatar er komne til Noreg. I tillegg tek Noreg mot politiske flyktningar frå Latin-Amerika, Aust-Europa og Afrika ved sida av ein del flyktningar med handikap.

Arbeidet for rustningskontroll og nedrusting er ein viktig del av Noregs tryggingspolitikk. Med dette for auga har Noreg teke aktivt del i dette arbeidet i FN, NATO, KSSE og andre internasjonale fora. Siktemålet for Noregs engasjement har vore å sikre vår tryggleik på eit lågast mogleg spennings- og rustningsnivå.

Regjeringa har teke initiativet til ei omfattande informasjonsverksemde om Noregs arbeid for rustningskontroll og nedrusting. Ved ulike arrangement er tilhøva lagde til rette for styrkt samarbeid og dialog med Utvalet for rustningskontroll og nedrusting, dei poli-

tiske partia og representantar for forskingsinstitusjonar, massemedia og dei frivillige organisasjonane.

Regjeringa har særleg vore oppteken av kjernevåpenproblemet, både i europeisk og global samanheng. Noreg har støtt tiltak for å hindre spreieing av atomvåpen til fleire land, og gått inn for at forhandlingane mellom stormaktene om å avgrense dei strategiske kjernevåpnna må halde fram med sikte på å komme fram til nye avtaler om monalege og omfattande reduksjonar av slike våpen.

I samsvar med NATOs dobbeltvedtak i desember 1979 om modernisering av langtrekkjande kjernevåpen, har Noreg sterkt streka under behovet for forhandlingar mellom Sambandsstatane og Sovjetunionen om avgrensingar av langtrekkjande rakettar med kjernevåpen i Europa. I den særskilde konsultasjonsgruppa i NATO har Noreg teke aktivt del i førebuingane av den vestlege forhandlingsposisjonen. Frå norsk side blir det lagt vekt på at ein oppnår semje om tilnærma likevekt på eit styrkenivå som ligg så lågt som mogleg, og som helst omfattar så store reduksjonar i utplasserte våpen på sovjetisk side at det ikkje blir nødvendig å utplassere nye våpen i Vest-Europa.

Forhandlingane om rakettar med kontinental rekkjevidd bør vere innleiinga til forhandlingar som etter kvart vil føre til nedbygging og regulering av alle typar kjernevåpen i Europa.

Regjeringa har streka under kor viktig det er med kjernevåpenfrie soner som tiltak mot spreieing av atomvåpen under nærmare fastsette vilkår. Den arbeider aktivt for ei atomvåpenfri sone i nordisk område som ledd i arbeidet for å byggje ned kjernevåpna i ein breiare europeisk samanheng.

Noreg legg stor vekt på arbeidet i nedrustingskomitéen i Genève, og har i dette året for første gong teke del i komitéen som observatørstat.

Noreg har teke del i førebuingane til FNs andre spesialsesjon om nedrusting som medlem av den førebuande komitéen for spesialsesjonen. Vidare har Noreg arbeidd aktivt i FN for å frigjere ressursar frå rustningsformål til utviklingsformål.

Regjeringa ser på forhandlingane i Wien om gjensidige og balanserte styrkereduksjonar som viktige. Den legg vekt på at det i ein første fase blir inngått avtale om reduksjonar i amerikanske og sovjetiske styrkar som innleiing til ein seinare fase med meir omfattande reduksjonar til eit lågare nivå bygd på jamvekt mellom partane. Føresetnaden om uendra tryggleik for alle land må haldast ved lag.

I den vanskelege internasjonale situasjonen vi har for tida, har Regjeringa lagt vinn på å halde oppe eit korrekt og sakleg godt naboforhold til Sovjetunionen og på å halde ved lag lågspenninga og fremje stabiliteten i vår del av verda. Derfor har den lagt vekt på at vitale kanalar austover skal hadast opne. Kontaktane med dei austeuropeiske landa er utvikla vidare.

Som ledd i avspenningsprosessen har Noreg målmedvete arbeidd for at Sluttakta frå Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa skal bli sett i verk på balansert vis av alle deltakarstatane. Noreg har teke aktivt del i drøftingane på det nye oppfølgingsmøtet i Madrid, og lagt stor vekt på tryggleiks- og tilitsskapande tiltak på det militære området, menneskerettane og menneskelege kontaktar og miljøvern. Noreg står framleget om ein konferanse om nedrusting i Europa og har teke aktivt del i drøftingane om mandatet. Eit godt resultat i Madrid kan betre tilhøvet mellom aust og vest.

Regjeringa held fast ved Noregs forsvars- og tryggingspolitiske linje med vekt på nasjonal forsvarsinnsats og forpliktande samarbeid i NATO. Dette samarbeidet gjer det mogleg å sikre effektiv alliert forsvarshjelp om det skulle bli nødvendig. Ved å sikre slik hjelpe set ein også Noreg i stand til å stå fast ved sine sjøvpålagde restriksjonar på forsvarsområdet. Vidare kan vi gjennom samarbeidet i NATO arbeide for avspenning, gjensidig nedrusting og rustingskontroll.

Regjeringa har lagt vekt på å føre vidare det nære og gode samkvemmet med Vest-Europa gjennom tosidige kontaktar med dei einskilde landa gjennom organisasjonar som EFTA og EF.

Det har det siste året funne stad mange gjestingar mellom Noreg og EF. Under statsministerens vitjing i Brussel i fjor haust gjorde Kommisjonen framlegg om ei ny møteform mellom Noreg og EF. Eit slikt møte fann stad i juni i år, og vart frå norsk side leidd av utanriksministeren. Vi har på denne måten fått eit politisk styringsorgan i vårt tilhøve til EF. Kontaktane på dei ulike fagområde med EF og dei einskilde medlemslanda er vortne vidare utbygde. M.a. har Regjeringa sett det som viktig å halde kontaktene med utviklinga i det utanrikspolitiske samarbeidet med EF-landa. Noreg har halde fram med å arbeide for å styrke Europaratet som mellomstatleg samarbeidsorgan i Vest-Europa.

Regjeringa har sett det som viktig å føre vidare dei nære kontaktane med landa i Nord-Amerika.

Det nordiske samarbeidet er vorte ført vidare. Spørsmålet om ein nordisk radio- og

fjernsynssatellitt vil bli avklara om kort tid. Det er inngått ei avtale med Sverige om økonomisk samarbeid særleg på industri- og energiområdet. Slike tosidige avtaler vil kunne byggiast ut til å omfatte fleire nordiske land.

Noreg har ført vidare arbeidet med å styrke kontaktane og utvide det økonomiske samarbeidet med land i Afrika, Asia, Sør- og mellom-Amerika og Stillehavet, og særleg med land i Midt-Austen, det sørlege Afrika og det karibiske området.

Samarbeidet med utviklingslanda når det gjeld utviklingshjelp og anna økonomisk samarbeid, er ført vidare i samsvar med dei prinsipp og retningslinjer som Stortinget har sluttu seg til.

Dei offentlege overføringane frå Noreg til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid var i 1980 på i alt 2 330,6 millionar kroner. Dette er ein auke frå 1979 på 160,8 millionar kroner eller 7,4 prosent. Rekna i prosent av bruttonasjonalproduktet (BNP) svarte nettohjelpa til 0,82 prosent i 1980 mot 0,93 prosent i 1979. Nedgangen målt i prosent av BNP kjem i hovudsaka av at BNP i 1980 auka sterkare enn ein rekna med då løvvintage til utviklingshjelp vart fastlagde. At gjennomføringa av einskilde hjelpe tiltak vart seinka, har også i nokon monn gjort sitt til nedgangen.

Noreg er eit av dei få landa som oppfyller FNs målsetjing om offentlege overføringar på 0,7 prosent av BNP til utviklingsland.

Av den norske hjelpa til utviklingsland i 1980 gjekk 57,5 prosent til tosidige og 42,5 prosent til fleirsidige tiltak, medan fordelinga i 1979 var 58 prosent og 42 prosent. Av den tosidige hjelpa vart 6,7 prosent administrert av internasjonale organisasjonar, mot 8,7 prosent i 1979.

Ei ny revidert avtale om nordisk hjelpe-samarbeid vart underskriven 5. mars 1981 under Nordisk Råds sesjon i København. Eit grunnleggjande siktet mål med revisjonen er å forenkle framgangsmåtane for nordisk samordning av hjelpeinnsatsen.

Størstedelen av hjelpa til hovudsamarbeidslanda våre blir gjeven som finansiell og fagleg stønad til utviklingsprogram i landa eller som vare- og importstønad. Det er inngått ei rekke avtaler om norsk økonomisk og fagleg hjelp med desse landa. I Bangladesh kan ein nemne hjelpeprosjekt innan kyst- og elve-transport og, i likskap med India, eit omfattande program innan helse og familieplanlegging. I Sri Lanka held ein fram med landsbygdprosjekta innanfor ramma av eit distriktsutbyggingsprogram. Tanzania og Noreg er vortne samde om å halde fram med utbygginga av eit større fiskeriutviklingsenter i

Mbegani, og i Kenya er det sett i gang eit omfattande distriktsutviklingsprogram i Turkana-provinsen. I Zambia held Noreg fram med vassforsyningssprogrammet i vestprovin- sen i landet, og med Mosambik er ein vorten samd om å konsentrere den norske innsatsen om kraftutbygging og kysttransport.

Utanom hovudsamarbeidslanda vil ein særleg nemne at Noreg i mars i år skreiv under ei hjelpeavtale med Zimbabwe som i hovudsaka er knytt til eit program for vassforsyning på landsbygda.

I 1980 skipa ni sjølvstendige land i det sørlege Afrika ein organisasjon seg imellom for gjennom økonomisk samarbeid å prøve å gjere seg mindre økonomisk avhengige av Sør-Afrika. Noreg står dette regionale samarbeidet. Saman med dei andre nordiske landa er det i Mosambik bygd opp eit fagsekretariat for organisasjonens transportkommisjon, og eit svensk-norsk samarbeid er innleidd for å bygge ut telekommunikasjonane i regionen.

Saman med dei andre nordiske landa har Noreg utarbeidd ein plan for felles nordisk hjelp til Namibia som ein vil gjere framlegg om å setje i verk så snart landet har fått sjølvstende frå Sør-Afrika.

Samarbeidet med Portugal blir ført vidare, men med sikte på å avvikle hjelpa i 1984. Ein prøver no å snu verksemda meir i retning av tiltak for å utvikle samarbeidet mellom næringsslivet i dei to landa som grunnlag for eit breitt økonomisk samkvem i åra framover.

Hjelpesamarbeidet med Jamacia held fram innanfor dei rammene som tidlegare er dregne opp, og det blir dessutan arbeidd med kommersielle planar innanfor skipsfart og aluminiumsindustri.

Når det gjeld Nicaragua, blir det i tillegg til den hjelpa som alt blir gjeven, gjennom UNICEF arbeidd med å få i stand eit konsulentfond til betaling for norske konsulent-tjenester innanfor utviklingsprogrammet i landet.

Tyrkia mottok etter vedtak i Stortinget i desember 1980 50 millionar kroner i gave frå Noreg. Noreg gjorde avtale med Tyrkia 11. februar 1981 om å konsolidere visse gjelds-postar. I OECD i mai 1981 gav Noreg, med etterhald om samtykke frå Stortinget, lovnad om nye 50 millionar kroner til Tyrkia. Minst halvdelen skal brukast til innkjøp av norske varer og tenester.

På grunn av seinka framdrift har avviklinga av hjelpa til Vietnam teke noko lengre tid enn føresetnaden var, men ein reknar med å ha avslutta Noregs engasjement sommaren 1982, unntake rehabiliteringssenteret.

Noreg er som tidlegare mellom dei som gjev mest til dei internasjonale hjelpeorgani-

sasjonane. I 1980, som i tidlegare år, var det FNs utviklingsprogram (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) som fekk mest norsk multilateral utviklingshjelp. Desse to organisasjonane fekk om lag 40 prosent av norsk utviklingshjelp i 1980.

Noreg har teke aktivt del i forhandlingane om tilførsel av ny kapital til Det Internasjonale fondet for jordbruksutvikling (IFAD). Desse forhandlingane er ikkje sluttførte.

Noreg har elles teke del i ei rekke internasjonale møte og konferansar om utviklingspolitiske spørsmål.

Noreg er for treårsperioden 1981–83 valt inn som medlem av FNs økonomiske og sosiale råd (ECOSOC).

Noreg tok aktivt del i drøftingane om den nye internasjonale utviklingsstrategien for 1980-åra (FNs III. utviklingstiår), som vart vedteken på FNs 35. generalforsamling og tok til å gjelde pr. 1. januar 1981. Frå norsk side har ein også engasjert seg sterkt i dei førebuande drøftingane om FNs globale forhandlingar om internasjonalt økonomisk utviklingssamarbeid. Desse drøftingane har dessverre enno ikkje ført til eit endeleg vedtak om å gå i gang med forhandlingane.

Noreg ratifiserte 12. juni 1981 avtala om det felles fondet for råvarer som vart gjord i 1980, og som har som oppgåve å hjelpe til med å finansiere og få i stand internasjonale råvareavtaler for å stabilisere råvarereprisane. Noreg har underskrive avtala, og frå norsk side blir det arbeidd aktivt for at avtala kan bli sett i verk.

Oljesituasjonen har framleis synt at det omfattande internasjonale samarbeidet som er komme i stand på energiområdet, er nødvendig. Noreg er aktivt med i dette arbeidet, som har som hovudformål å medverke til auka energisparing og mindre oljeforbruk. Noreg tok vidare aktivt del i FN-konferansen i Nairobi om nye og fornybare energikjelder.

Regjeringa har halde fram med å leggje vekt på arbeidet for å fremje norsk eksport. I denne samanhengen blir opplæringstilbodet til utanrikstenesta utvida, i samarbeid med Norges Eksportråd.

Arbeidet for å styrke samarbeidet med Sovjetunionen og utvikle det tosidige handels-samkvemmet med dei austeuropeske landa, er ført vidare. Det er gjeve ekstraordinære statlege eksportgarantiar for norsk eksport til Polen. Dei økonomiske kontaktane med Kina er bygde vidare ut. Noreg er interessert i å styrke sambanda med interessante samarbeidspartnarar i fjerntliggjande verdsdelar.

Regjeringa har arbeidd med å klarleggje behovet for alternative former for regulering av tekstil- og konfeksjonsvareimporten og dei

verknadene dei vil få. Noreg tek del i dei drøftingane som pågår om å forlengje den internasjonale tekstilstilavtala innanfor ramma av avtala om tolltariffar og handel. (GATT).

Statlege garantiar i samband med å prøve å auke eksporten er vorte eit stadig viktigare verkemiddel i konkurransen om kontraktane på den internasjonale marknaden.

I OECD har Noreg arbeidd for ei meir aktiv holdning overfor arbeidsløyseproblemet, samtidig med at ein prøver å halde inflasjonen under kontroll. Ein har også gått inn for å halde fast ved frie fleirsidige handelskontakter og unngå proteksjonistiske tendensar. Vidare har ein streka under den nære samanhengen mellom økonomisk vekst i industrialand og utviklingslanda og behovet for globale forhandlingar. Behovet for eit ordna mellomfolkeleg energisystem blir også drege fram.

Styresmaktene for norsk skipsfart har teke aktivt del i internasjonale skipsfartspolitiske drøftingar i organ som OECD og UNCTAD. Målet med desse drøftingane frå norsk side er å unngå proteksjonistiske tiltak i internasjonal skipsfart.

Noreg var aktivt med i arbeidet på den 10. sesjonen av FNs havrettskonferanse. Konferansen har til oppgåve å nå fram til ein ny konvensjon om folkeretten for havet. I arbeidet inngår m.a. spørsmålet om storleiken på sjøterritoriet, eksklusiv økonomisk sone, yttergrensa for kontinentsokkelen, avgrensinga av sokkelen og den økonomiske sona mellom nabostatar og skipinga av ein internasjonal organisasjon til å ta hand om mineralressursane på havbotnen utanfor nasjonal jurisdiksjon. Vidare skal konvensjonen innehalde reglar for korleis ein skal løye tvistar som måtte komme opp i samband med bruken av den.

På den 10. sesjonen vart ein ståande overfor alvorlege uventa vanskar når det galdt regelverket for korleis ein skal nytte ut mineralrikkdommene på dei store havdjupa. Hovudgrunnen til dette er at regjeringa i USA har vurdert på nytt visse fundamentale prinsipp i regelverket.

Avtala mellom Noreg og Sovjetunionen om ei mellombels praktisk ordning for fisket i eit omstridt grenseområde i Barentshavet vart underskriven 11. januar 1978, med verknad til 1. juli 1978. Seinare er avtala vorten forlengd fire gonger. Den perioden som no gjeld, går ut 1. juli 1982.

Noreg og Sovjetunionen er vortne samde om å merke på nytt visse delar av den norsk-sovjetiske grensa.

Det blir ført forhandlingar med Danmark om delelinja for dei maritime sonene mellom

### Jan Mayen og Grønland.

Ein forlikskommisjon har lagt fram tilrådingar som gjeld delelinja mellom norsk og islandsk kontinentsokkel, og om eit samarbeid mellom dei to landa på kontinentsokkelen i området.

Det er no semje mellom dei statane som har underskrive Antarktistraktaten, om å ta til med å forme ut ei ordning for eventuell utvinning av mineralressursane i Antarktis. Noreg tek her aktivt del.

Noreg er aktivt med i arbeidet for å styrke internasjonale miljøverntiltak. Særleg viktig er arbeidet med å redusere utslepp som fører til spreying av luftureining. Noreg har i 1981 ratifisert konvensjonen om langtransportert, grenseoverskridande luftureining, som vart underskriven i november 1979 av Noreg, dei aust- og vesteuropiske landa, USA og Canada.

Regeringa har i sommar drege opp retningslinjer for korleis ein skal ta meir omsyn til miljø- og ressursforvaltning i det norske hjelpearbeidet.

Presse-, informasjons- og kulturarbeidet overfor utlandet tener som eit utanrikspolitisk verkemiddel for å sikre og fremje politiske, økonomiske og andre norske interesser. Gjennom dette opplysningsarbeidet er det vår oppgåve å gje inntrykk av Noreg som ein pålitelig internasjonal avtale- og samarbeidspartner. Utviklinga den siste tida har også ført til auka interesse for Noreg i utlandet.

Pressegjestingar er eit særleg tenleg middel til å informere om og forklare norske holdningar og synspunkt. I fjar vart det såleis arrangert om lag 80 slike gjestingar med om lag 270 deltakarar. Under leiing av Rådet for Noregs-informasjon har pressebyrået NOR-INFORM halde fram og utvida arbeidet sitt, m.a. med å gje vår viktigaste informasjonsbulletin til utanlandske massemedia. Denne bulletinen kjem no også på nederlandsk og spansk. Også den andre publikasjonsverksmeda og filmar om norske forhold utgjer ein stor del av informasjonsinnsatsen, og bind ganske store midlar når ein skal gjøre materialet best mogleg og tilpasse det til dei ein-skilde grupper av førespurnader. For å gjøre utanriksstasjonane betre i stand til å gjennomføre informasjonsoppgåvene sine, er ein i ferd med å gjennomføre ei ordning med lokale informasjonsbudsjett. Derved får ein også betre planlegging og større informasjonseffekt.

Kultursamarbeidet med eit 30-tal land blir regulert av bilaterale avtaler der det i fjar vart utveksla om lag 650 stipendiatar, forskrarar og gjesteforelesarar. Det blir ytt økonomisk stønad til eit 40-tal norskelektorar ved utanlandske universitet. Utstillinger, musikk,

teater og litteratur inngår også i dette samarbeidet, ofte saman med andre tiltak. Det er framleis stor interesse for norske tilhøve innanfor dei ulike felt av kultursamarbeidet, og i utlandet ventar ein seg meir og meir av gjensidige tiltak. Det er derfor, med avgrensa ressursar på vår side, nødvendig å prioritere strengt for å tilgodesjå viktige norske interesser. Rådet for kultursamarbeid spelar ei viktig rolle i kulturformidlinga. Det vart i fjar fornya kulturprogram med ei rekke samarbeidsland, og Noreg fekk i stand ei ny kulturavtale med Sovjetunionen.

At det er viktig å sjå dette arbeidet i ein større kultur- og utanrikspolitisk samanheng, blir understreka av at eit breitt samansett offentleg utval er vorte oppnemnt for å sjå nærrare på det noverande arbeidet og komme med framlegg som kan hjelpe til å styrke det.

Noregs tryggingspolitikk byggjer som tidegare på det nære politiske og militære samarbeidet i NATO-alliansen.

Utviklinga av Forsvaret har gått for seg i samsvar med dei langsiktige retningslinene som Stortinget har fastsett og dei pliktene Noreg har teke på seg i NATO-samarbeidet.

I samsvar med vedtak i Stortinget er det vidare inngått ei rammeavtale mellom Noreg og Sambandsstatane om alliert førehandslagring og forsterking av Noreg.

Utbygginga av kystvakta har også halde fram etter dei planane og løyvingane som Stortinget har fastlagt. To overvakingsfly, seks helikopter og to nye oppsynsfartøy er alt mottekte.

Innpassinga av kvinner i Forsvaret har halde fram i samsvar med dei retningslinene som er gjevne.

Den nye allmenne pantelova tok til å gjelde 1. juni. Lausøyreregisteret i Brønnøysund kom i gang frå same datoan.

Ordninga med at det offentlege skal koste advokathjelp til den krenkte i valdtektsaker vart sett i verk frå 1. august 1981.

Det er vedteke ei lov om endringar i straf-felova (m.a. er strafferamma for grove narkotikalovbrott sett opp og livtidsstraffa teken bort).

Lov om fri rettshjelp av 13. juni 1980 tok til å gjelde frå 1. januar 1981. Lova innfører felles økonomiske vilkår for fritt rettsråd og fri sakførsel. Domstolane er i større grad enn før gjevne kompetanse til å avgjere søknader om fri sakførsel.

Staten har engasjert seg økonomisk og administrativt i eit datasystem for bidragsinn-krevjing. Ein ventar at systemet skal gje ein monaleg rasjonaliseringsevinst når det er sett i verk.

Folkmengda var 4 104 000 pr. 1. oktober 1981, det vil seie 0,3 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden sett under eitt er for tida noko mindre stram enn vanleg for årstida. Ser ein bort frå sesongsvingingar, har det hittil i år vore auke i den registrerte arbeidsløysa. Ved utgangen av august 1981 utgjorde dei registrerte arbeidslause 1,8 prosent av arbeidsstyrken mot 1,4 prosent same månaden i fjor.

Sesongkorrigerte tal for ledige plassar som er registrerte ved arbeidskontora, har for perioden januar–august sett under eitt gått ein del ned. Dei siste par månadene ser det ut som tendensen går litt oppover, men det er for tidleg å seie noko sikkert om det vil bli ein varande auke i etterspørselet etter arbeidskraft.

Det totale omfanget av førehandsmeldte driftsinnskrenkingar var i perioden januar–august 1981 nærmere det dobbelte av omfanget i same perioden året før. Det same galdt også talet på personar som var permitterte eller hadde redusert arbeidstid ved utgangen av kvar månad.

I perioden januar–august 1981 vart det i gjennomsnitt registrert 28 200, eller 7 000 fleire arbeidslause enn i same perioden eitt år tidlegare. I høve til arbeidsstyrken utgjorde arbeidsløysa 1,7 prosent. Av dei helt arbeidslause ved utgangen av kvar månad var i gjennomsnitt 3 100 permitterte, eller om lag 1 800 fleire enn eitt år tidlegare.

I perioden januar–juli 1981 vart det registrert i alt 135 300 ledige plassar (talet på ledige plassar pr. 1. januar pluss tilgang i perioden), mot 148 300 og 137 000 i same perioden i 1980 og 1979. Dette tyder på at etterspørselet etter arbeidskraft på nytt har gått ned. Etterspørselet etter arbeidskraft steig frå 1979 til 1980, medan den gjekk ned både i 1978 og 1979.<sup>1)</sup> Ved utgangen av august vart det registrert 24 400 fleire arbeidslause enn ledige plassar mot 15 400 i august 1980.

I perioden januar–august i år vart det gjeve førehandsmelding frå 340 verksemder om oppseiingar, permisjonar og reduksjonar av arbeidstida som i alt galdt 14 200 personar.

Fordelt på næringer var omfanget av driftsinnskrenkingar størst i treforedling med 2 100, produksjon av metallvarer 1 500, produksjon av trevarer 1 400 og produksjon av klede,

unnateke skotøy, med 1 300. Mellom fylka var omfanget størst i Møre og Romsdal med 2 000, Østfold 1 600, Rogaland og Buskerud, båe med 1 400 og Hordaland, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Nordland, alle med 900 personar. Ordresvikt, avsetningsvanskar, sviktande prisar o.l. var skuld i om lag tre fjerdedeler av driftsinnskrenkingane.

Talet på registrerte permitterte personar og personar med redusert arbeidstid var i gjennomsnitt for perioden januar–august 1981 nærmere det dobbelte av omfanget i same perioden i 1980, då tala i same rekjkjefølge var 9 000 og 5 000 personar.

Arbeidskraftundersøkingane til Statistisk sentralbyrå tyder på at veksten i den totale sysselsetjinga held fram. Men den regionale sysselsetningsstatistikken for bergverk, industri og byggje- og anleggsvirksemder pr. 2. kvartal 1981, viser at nedgangen i industrisysselsetjinga framleis går ned i forhold til eitt år tidlegare. I byggje- og anleggsvirksemda auka sysselsetjinga i 1980 med om lag 700 personar frå året før, men tala frå 2. kvartal i 1981 viser ein liten nedgang frå 2. kvartal 1980. Talet på sysselsette i bergverksdrift (medrekna utvinning av råolje og naturgass) gjekk ned frå 1979 til 1980, og viste også ein svak nedgang i 2. kvartal i år samanlikna med eitt år tidlegare. Statistikken frå Arbeidsdirektoratet over sysselsette ved oljeaktivitetane viser at auken har halde fram frå januar i fjor til januar i år.

For å hindre at ein auke i oppseiingar og permittingar ved einskildverksemder og innan fleire bransjar skal føre til arbeidsløyse for store grupper, har styresmaktene funne det nødvendig med ei monaleg opptrapping av ymse arbeidsmarknadstiltak. Til dei ulike tiltaka (sysselsetnings-, opplærings- og attföringstiltak m.m.) er det for budsjettåret 1981 løvt om lag 910 millionar på dei ordinære budsjetta (stats- og trygdebudsjetten) og 250 millionar på beredskapsbudsjettet. Tilsvarande tal for 1980 var 700 millionar kroner og 325 millionar kroner. Av beredskapsløyvinga på 325 millionar i 1980 vart under halvparten brukt.

Sysselsetjinga ved dei ulike tiltaka var i 1. og 2. kvartal 1981 i gjennomsnitt 19 800 og 15 800 personar, mot i same rekjkjefølge 17 400 og 14 200 eitt år tidlegare.

I perioden januar–juli fekk gjennomsnittleg 17 500 personar utbetalt dagpengar. Dette er 72 prosent av dei som er registrerte som heilt arbeidslause.

For 1981 er det løvt 1 000 millionar kroner (overslagsløyving) til dagpengar for arbeidsledige. I 1980 vart det brukt om lag 600 millionar kroner til slik stønad.

<sup>1)</sup> Frå 1. oktober 1979 vart det som ei prøveordning innført utvida meldeplikt av ledige plassar for arbeidsgjeverane i visse næringer i Østfold og delar av Hordaland og Nordland fylke. Dette har ført til noko fiktiv auke i tala på ledige plassar i desse fylka og landet totalt. Frå 1. januar 1981 vart meldeplikta i dei same fylka utvida til å gjelde alle næringer og alle distrikta.

## Forhandlinger i Stortinget nr. 3.

33

1981. 9. okt. – Åpning av det 126. ordentlige Storting

Ein reknar med at samla produksjon av varer og tenester vil auke med om lag ½ prosent frå 1980 til 1981 mot 3,8 prosent frå 1979 til 1980.

Held ein utanriks sjøfart og oljeutvinning m.m. utanfor, ventar ein at produksjonen vil auke med vel 1 prosent, mot 2,2 prosent frå 1979 til 1980.

Førebels oppgåver over varebytet med utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei sju første månadene av 1981 var 47,1 milliardar kroner, eller 0,4 milliardar kroner mindre enn i same tidsrommet i fjor. Verdien av utførsla (medrekna nye skip) var 57,4 milliardar kroner, eller om lag 6,3 milliardar større enn i januar–juli 1980. Av utførsla i dei første sju månadene i år utgjorde råolje og gass 18,5 milliardar kroner og 9,1 milliardar kroner, mot 16,2 og 6,9 milliardar kroner i same perioden i fjor.

Utanom skip minka innførsla med 0,3 prosent i volum, samstundes som utførslevolumet auka med 5,9 prosent frå april–juni i fjor til same tidsrommet i år. Utanom skip, oljeplattformer, råolje og gass gjekk utførslevolumet opp med 5,5 prosent. Prisane på dei innførte varene (utanom skip) minka i det andre kvarstalet med 2,9 prosent. For utførte varer (utanom skip) gjekk prisane opp med 8,9 prosent.

Det var i første halvår 1981 eit overskott på driftsrekneskapen med utlandet på 8 460 millionar kroner mot 3 500 millionar kroner i første halvår 1980. Betringa i driftsrekneskapen heng saman med ein auke i utførsla av råolje og naturgass på nær 2 700 millionar kroner, ein auke i utførsla av «tradisjonelle» varer (varer utanom råolje, gass, skip og oljeplattformer) på vel 1 200 millionar kroner og ein auke i nettoeksporten av tenester i alt på nær 1 200 millionar kroner. Innførsla av «tradisjonelle» varer gjekk ned med om lag 800 millionar kroner. For renter og stønader var det eit underskott på 6 915 millionar kroner i første halvår 1981, mot 5 905 millionar kroner i same perioden i 1980. Overskottet på driftsrekneskapen i første halvår 1981 og ein auke i tildeling av særskilde trekk i IMF på 206 millionar kroner, vart vegne opp av ein netto utgang av langsiktig kapital på 3 553 millionar kroner og ein netto utgang av kortsiktig kapital på 5 113 millionar kroner.

For jordbruket var veksttilhøva sommaren 1981 vekslande. Ein rekna med avlingar omkring eit normalår for landet under eitt. Det same gjeld for hagebruket. Vidare reknar ein med eit par prosent større mjølkeproduksjon og ein auke i slakttilgangen i høve til 1980.

I skogbruket vart det avverka 8,4 millionar m<sup>3</sup> tømmer og ved til sal i driftsåret

1979–80. I tillegg vart det avverka 0,7 millionar m<sup>3</sup> virke til bruk på gardane. Førebels tal syner at avverkinga for 1980–81 er auka noko samanlikna med året før.

Utbytet av fisket var i første halvår 1,5 millionar tonn (rund vekt), mot 1,4 millionar tonn i første halvår 1980. Førstehandsverdien i første halvår var om lag 2 130 millionar kroner, som er om lag 340 millionar kroner meir enn i same tidsrommet i fjor. Av torsk er det teke om lag 30 000 tonn meir og av lodde om lag 250 000 tonn meir enn i første halvår 1980. Av industrifisk er det teke om lag 160 000 tonn mindre enn til same tid i fjor. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 2 379 millionar kroner i første halvår 1980 til 2 750 millionar kroner i første halvår 1981.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen (medrekna oljeutvinning) uendra i dei sju første månadene i 1981 i høve til same perioden i 1980. For bergverksdrift var det ein produksjonsauke på 2 prosent (medrekna oljeutvinning), for industri ein nedgang på 2, og for kraftforsyning ein auke på 6 prosent.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1980 var det ein produksjonsnedgang i dei utekonkurrerande næringane på 5 prosent, i dei heimekonkurrerande næringane på 1 prosent og i dei skjerma næringane på 3 prosent.

Lagra av eigne produkt i industrien steig frå slutten av 1980 til utgangen av 2. kvartal 1981 med 5 prosent, og lagra av eksportvarer gjekk også opp med 5 prosent.

Produksjonen av olje og gass på den norske kontinentalsockelen var i 1980 om lag 50 millionar tonn oljeekvivalentar. Dette er ein auke på 10 millionar tonn oljeekvivalentar i høve til 1979.

I første halvår 1981 var produksjonen av olje og gass 25,6 millionar tonn oljeekvivalentar. Det er ein nedgang på 0,8 millionar tonn oljeekvivalentar i høve til same perioden i fjor. Grunnen til nedgangen er at produksjonen på Ekofisk minkar snøggare enn produksjonsoppbygginga på Statfjord.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1980 9 073 millionar liter, ein nedgang på 8,0 prosent frå 1979. I første halvår i 1981 var totalsalet 4 088 millionar liter, som er ein nedgang på 11,9 prosent i høve til første halvår 1980.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1980 var 84,0 milliardar kWh, mot 89,0 milliardar kWh i 1979, ein nedgang på 5,6 prosent.

Magasinfillinga var 30. august i år 90,8 prosent. På same tid i fjor var magasinfillinga 74,5 prosent.

Byggjeverksemda har vore noko større i år enn i fjor. Ved månadsskiftet juli–august

var areal i arbeid 2,2 prosent større enn året før. Areal som vart sett i arbeid i januar–juli var 6,9 prosent større, og areal som vart teke i bruk var 6,2 prosent mindre enn i den same perioden i 1980.

I dei sju første månadene av 1981 vart det sett i arbeid 19 061 og fullført 18 925 bustader. Pr. 31. juli var det 34 172 bustader i arbeid. Samanlikna med 1980 er dette ein auke på 13,2 prosent for bustader som vart sette i arbeid, og 5,1 prosent for bustader i arbeid, medan talet på fullførte bustader gjekk ned med 9,6 prosent.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ein nedgang på 5,1 prosent for igangsett areal, 3,5 prosent for areal i arbeid og 6,1 prosent for fullført areal.

Handelsflåten minka med 117 000 bruttotonn i første halvår og var på 21,0 millionar bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnassjen auka i første halvår med 28 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det ved utanlandske verkstader skip under bygging eller tinga for norsk rekning på til saman 2,7 millionar bruttotonn. Dette var ein auke på 0,5 millionar bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 0,5 millionar bruttotonn. Det var det same som på same tid i fjor.

For tørrlastskipa har fraktene vore gode i 1980, men dei har vorte noko svakare utover i 1981. For tankskipa gjekk fraktratane ned i 1980 og har falle vidare i 1981. Ratane for tankskip er no dårlege. Dette gjeld særleg dei store tankskipa.

Dei dårlege ratane for store tankskip har ført til ein auke av skip i opplag. Ved utgangen av juli låg 23 skip på til saman 2,7 millionar bruttotonn i opplag. Dette er 13,0 prosent av handelsflåten, mot eit opplag på 5,4 prosent ved utgangen av juli i fjor.

Sommaren 1981 var det 27 norskregistrerte plattformer og boreskip. Leigeinntektene i 1980 og 1981 har vore særskilt gode.

Utviklinga av den innanlandske persontransporten dei siste åra markerer ein heilt ny situasjon i Noreg. Etter 1978 har det vore ein samla tilbakegang i det innanlandske transportarbeidet. I 1980 er nedgangen rekna til 4,3 prosent. Det andre forholdet er at dei kollektive transportmidla har auka sin del av det samla transportarbeidet i Noreg. I 1980 var deira del kommen opp i 26 prosent, og ein så stor del har dei ikkje hatt sidan i 1972.

Godstransporten har hatt ein svak vekst, og ein reknar med at auken blir på 1,1 prosent.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1980 på i alt 81 717 kilometer. Det er ein

auke på 806 kilometer frå året før. Av riksvegnettet har 86,5 prosent fast dekke. Totalt har no 57 prosent av det offentlege vegnettet fast dekke. Av riksvegnettet kan 99,3 prosent trafikkerast av kjøretøy med akseltrykk på 8 tonn, og 15,5 prosent av kjøretøy med 10 tons akseltrykk. I alt vart 210 nye eller ombygde riksvegbruer med ei samla lengd på vel 5 100 meter ferdige og opna for trafikk i 1980.

Av større bruanlegg kan ein nemne Vesterbrua i Vest-Agder, ny bru over Nordsund i Møre og Romsdal, bru over Åselistraumen i Nordland, som gjev ferjefritt samband mellom Bodø og Glomfjord, og bru over Sørstraumen i Troms fylke. I Hordaland vart Selbjørnbrua i Austevoll opna. Dette er førebels den lengste bruva i Nord-Europa som er bygd etter «fritt-fram-bygg»-prinsippet. Av større veganlegg som vart opna for trafikk i 1980, kan ein nemne siste parsellen av E6, som fører trafikken utanom tettstaden Jessheim i Akershus, og parsellen Ostereidet – Vikanes på riksveg 14 i Hordaland, som gjev ferjefritt samband mellom Knarvik og Sognefjorden. Stalheimskleivane i Hordaland vart avløyst av ny veg med to tunnelar. Dette er eit ledd i den vedtekne stamvegen Bergen – Oslo.

I 1980 vart det gjennomslag i Høyangerutunnelen i Sogn og Fjordane, lengste veggutunnelen i landet. Bøvegen i Nordland, med Ryggedalstunnelen, har gjeve heile Vesterålen ferjefritt samband med E6.

Pr. 1. januar 1981 var det 720 kilometer med gang- og sykkelveger i samband med riksvegar, ein auke på 150 kilometer frå året før.

Ved utgangen av 1980 var talet på registrerte kjøretøy om lag 2 millionar, ein auke på 4,5 prosent frå året før.

Etter det teljingar viser, har det vore ein nedgang i biltrafikken frå 1979 til 1980 på om lag 1 prosent, medan den i 1979 auka med om lag 2 prosent. Størst nedgang var det i helgedøgntrafikken på om lag 2,4 prosent, medan virkedøgntrafikken hadde ein nedgang på om lag 0,6 prosent. Men det er stor variasjon mellom dei einskilde teljepunktene.

Nedgangen i trafikkulykker, hardt skadde og drepne heldt fram i 1980. Talet på drepne var i 1980 356 mot 437 i 1979, talet på registrerte skadde gjekk ned med over 1 000 personar til 9 725.

Den samla rutelengda i ferjesambandet pr. 31. desember 1980 var på 2 419 kilometer, fordelt på 172 samband. Desse vart trafikkerte av 261 ferjer med ein kapasitet på 8 005 personbilplassar. Det vart frakta om lag 2,6 prosent fleire bilar og 2,3 prosent fleire personar enn året før.

Sjøtransporten er den viktigaste transport-

måten for frakting av gods over lange avstandar. Etter dei utrekningane som er gjorde, var transportarbeidet i 1980 om lag 11,1 milliardar tonnkilometer, det vil seie 61,6 prosent av den totale innanlandske godstransporten. Om lag 91 prosent av transporten på kysten er utført av ikkje-rutegåande fartøy.

Nye snøggbåtar har etter kvart teke over ein stor del av den passasjertransporten som ruteskipa før hadde. Dei transporterte i 1979 til saman over 1,6 millionar passasjerar etter den siste rutefartsteljinga.

Persontransporten på jernbanen auka med 5,7 prosent i 1980 til i alt 2 394 millionar personkilometer. Den innanlandske trafikken steig med 4,3 prosent og samtrafikken med utlandet steig med heile 33,5 prosent.

Godstransporten på jernbanen, utanom malmtransporten på Ofotbanen, utgjorde i alt 2 227 millionar tonnkilometer i 1980. Det er ein auke på 4,6 prosent frå 1979. Malmtransporten på Ofotbanen, som i 1979 var høg, var i 1980 på i alt 19,3 millionar tonn, ein nedgang på om lag 13 prosent frå 1979.

Kapasiteten på dei norske innanlandske flyrutene, rekna i tilbodne setekilometer, auka i 1980 med 1,8 prosent.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1980 45,2 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. Tilsvارande tal for året før var 42,3. 96,8 prosent av telefonapparata var ved utgangen av 1980 knytte til automatiske telefonsentralar mot 95,6 prosent ved utgangen av 1979. I 1980 auka talet på hovudabonnement på telefon med 80 000 mot 60 400 i 1979. Ventelistene vart kortare for første gong på mange år.

Det var i 1980 ein auke i alle trafikkgreiner i Televerket, bortsett frå telegramtrafikken, som minkar frå år til år. I 1980 er det sett i gang forsøk med personsøkjaranlegg. Frå 1. januar 1981 har Televerket innført ei ny teleneste – Telefax. Denne tenesta gjer det mogleg å fjernkopiere dokument, teikningar o.l. over telefonnettet.

I 1981 innførte Televerket ei ny særteneste for telefon- og teleksabonnenter under namnet Fonoteleks. Den gjer det mogleg å sende meldingar mellom telefon- og teleksabonnement i inn- og utland.

Den totale postmengda som Postverket tok seg av i 1980, er rekna til 1 374 millionar sendingar. Dette er ein auke på 4,8 prosent frå året før. 68,5 prosent av dette er brevpost.

Ved utgangen av 1980 var det i drift 2 862 faste poststader og 7 postekspedisjonar på jernbane og skip. Talet på faste poststader er gått ned med 28 i 1980. Ved utgangen av året 1980 var det dessutan 20 landpoststasjonar og 27 postfilialar i drift. Den totale veglengda som vart tilbakelagd i landpostrutene, steig

frå 32,2 millionar kilometer i 1979 til 32,7 millionar kilometer i 1980.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 14,2 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjar. Frå januar til august steig indeksen med 6,7 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 12,1 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden året før, og produsentprisindeksen 11,0 prosent høgare.

Detaljomsetnaden auka med 14,8 prosent i verdi i første halvår 1981 i høve til første halvår 1980.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital reknar ein med skal auke med om lag 14 prosent frå 1980 til 1981. Held ein investeringane i sjøfart og oljeutvinning m.m. utanfor, reknar ein med at investeringane held seg om lag uendra frå 1980 til 1981. Frå 1979 til 1980 gjekk bruttoinvesteringane i alt opp med 1,9 prosent, medan investeringane utanom sjøfart og oljeutvinning m.m. gjekk opp med 3,1 prosent.

Finanspolitikken var merkt av at finansieringsbehovet for staten og folketrygda tok noko av frå 1980 til 1981, frå 5,8 milliardar kroner for første halvår 1980 til 1,9 milliardar kroner i første halvår 1981.

Statens driftsutgifter og utgiftene til investeringar steig med 15,8 prosent frå første halvår 1980 til første halvår 1981, medan overføringane auka med 17,3 prosent. Dei samla utgiftene til staten medrekna lånetransaksjonar var 51,6 milliardar kroner i første halvår 1981. I same tidsrommet utgjorde dei samla utgiftene i trygdesektoren om lag 21,2 milliardar kroner. Folketrygdfondet var ved utgangen av første halvår på 19,3 milliardar kroner.

Det er gjennomført ei rekkje kreditpolitiske tiltak det siste året. Etter endringa av emisjonsreguleringa på obligasjonsmarknaden hausten 1980 har ein hatt ein sterk etterspørsel etter kredit over obligasjonsmarknaden. M.a. som eit ledd i styringa av kreditttilførselen over obligasjonsmarknaden, vart renta på statsobligasjonar auka med 1 prosenteining i januar 1981 og med endå 1 prosenteining i mai. Renta på statskassevekslar har også auka med 2 prosenteiningar i 1981. Rentesatsen på 90 dagars vekslar er etter 15. mai 10,5 prosent.

Ved renteerklæring frå finansministeren vart det lov å auka renta på kortsiktige utlån frå forretnings- og sparebankane med inntil 1 prosenteining 15. mai 1981.

Det rettleiande talet for utlånsauken for forretnings- og sparebankane vart redusert med 1 milliard kroner til 9 milliardar kroner i

det reviderte nasjonalbudsjettet for 1981. Samstundes vart det rettleiande talet for kredittførselen over obligasjonsmarknaden auka tilsvarande til 7,4 milliardar kroner. Føremålet med desse endringane var m.a. å vri kredittførselen i retning av relativt meir kreditt til næringsverksemd og dempe presset mot obligasjonsmarknaden. Som eit ledd i styringa av det samla utlånet frå bankane, og for å unngå at utlån til konsumformål og kommunale aktivitetar aukar sterkare enn det har vore føresnaden, gjer ein bruk av paragraf 8 i kredittlova om direkte regulering av utlåna i forretnings- og sparebankane. Reguleringa gjeld lån til lønnstakarar, personleg næringsdrivande og kommunane. Byggjelån, kassakredittar og langsiktige bustadlån som er gjevne etter tilvising frå statens bustadbankar (pvs-lån), er haldne utanfor reguleringa.

Som ledd i ei tilpassing av kredittpolitikken vart utlånsrammene for statsbankane for dette året redusert med om lag 200 millionar kroner ved behandlinga av det reviderte nasjonalbudsjettet for 1981.

Etter ein periode med sterkt vekst i kommunane og fylkeskommunane vart det i 1978 gjort vedtak om visse tilstrammingstiltak m.a. med siktet på å dempe aktivitetsveksten.

Frå 1979 har kommunane makta å bremse aktivitetsveksten en del. Investeringsvolumet gjekk såleis ned i høve til 1978, medan driftsutgiftene synte ein moderat auke.

Fylkeskommunane heldt opp ein relativt sterkt vekst også i 1979 og 1980. Som ei følge av dette har fylkeskommunane i 1981 hatt visse vanskar med å få budsjetta sine i balanse. For at dette ikkje skal slå for sterkt ut for m.a. helsesektoren, er det gjeve ekstra skatteutjamningstilskott til fylkeskommunane med 150 millionar kroner, og det er gjort framlegg om å løyve endå eit ekstra skatteutjamningstilskott for 1982 med 190 millionar kroner.

For kommunesektoren sett under eitt rekunar ein for 1981 med ein nedgang i investeringsnivået i forhold til 1980 på mellom 15 og 20 prosent. Driftsutgifter og investeringar samla vil vise ein moderat auke.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1980 tilsegn om lån med 695,3 millionar kroner, tilsegn om garantiar for lån med 269,5 millionar kroner og tilsegn om investeringstilskott med i alt 362,6 millionar kroner. Vidare vart det gjeve tilsegn om 41,6 millionar kroner i tilskott til flytting og opplæring. 38,5 prosent av dei samla tilsegnene frå fondet gjekk i 1980 til Nord-Noreg.

I første halvår 1981 er det gjeve tilsegn om

lån med om lag 335 millionar kroner, tilsegn om garantiar med om lag 138 millionar kroner og tilsegn om investeringstilskott med om lag 198 millionar kroner.

I 1980 vart det frå kap. 575, Tilskott til kommunale grunnlagsinvesteringar, gjeve tilsegn om tilskott på i alt 155,2 millionar kroner. Dette fordelte seg slik på dei einskilde postane:

Kommunale grunnlagsinvesteringar	114,1 millionar kroner.
Vassverk	36,1 millionar kroner.
Kaier	5,0 millionar kroner.

For første halvår 1981 er dei tilsvarande tala 92,9 millionar kroner, 22,8 millionar kroner og 130 000 kroner.

Selskapet for industridekstanlegg (SIVA) har 14 anlegg, og SIVA har dessutan teke del i planlegging og utbygging av andre utleige- og industriprosjekt. I alt hadde selskapet pr. 1. august 1981 bygd ut om lag 190 000 m<sup>2</sup> med industrilokale. I alt var 3 341 personar sysselsette i desse lokalene pr. 1. august i år.

Under ordninga med regional transportstønad vart det i 1980 utbetalt 93,2 millionar kroner. I første halvår 1981 er det utbetalt om lag 54,4 millionar kroner.

Stortinget har drege opp retningslinjer for organisering av dei regionale miljøvernoppgåvene og slått fast at det skal skipast ei eige avdeling ved fylkesmannsembetet for ureiningssaker, naturvern og friluftsliv, jakt og fiske og kart og data.

Arbeidet med tiltak mot vassureiningar har hittil i stor grad vore konsentrert om å redusere ureiningstilførslene frå kommunale kloakkutslepp og frå industrien.

Mjøsaksjonen er no avslutta. Vasskvaliteten er i ferd med å bli betre.

Arbeidet med å byggje eit felles reinseanlegg for Oslo og kommunane vest for byen har komme langt.

Nær tre fjerdedeler av oppryddingsprogrammet for ureining av vatn og luft frå eldre industri er gjennomført etter at det vart sett i gang i 1974/75. Ein har oppnådd å redusere utsleppa med ureinande stoff monaleg.

Det blir arbeidd for å redusere støy og utslepp av gassar frå biltrafikken, og det er fastsett nye lågare grenser for blyinnhaldet i bensinen. Den første vegplanperioden med statlege løyvingar til fasadeisolering og støy-skjerming av riksvegane tek slutt i 1981.

Det blir arbeidd med planar for å avgrense støyulempene ved dei mest trafikkerte flyplassane i landet.

Det blir vidare arbeidd med å få i stand eit landsomfattande system for innsamling og

behandling av spesialavfall, og det er gjeve økonomisk hjelp til oppbygging og forsøksdrift ved fleire behandlingsanlegg.

Aksjonsplanen for Nord-Noreg har fått tildekt ekstra stønad for å betre miljøtilhøva i fiskeforedlingsindustrien.

Det er sett i gang arbeid for å betre overvakkinga med utslepp av olje frå skip og for å styrke kontrollen med skip i norske farvatn og hamner.

Det er oppretta to nye nasjonalparkar – Jotunheimen og Hardangervidda nasjonalparkar.

Regjeringa har det siste året oppretta to landskapsvernområde, fire fuglefredingsområde og 54 naturreservat.

På grunnlag av fylkesvise oversikter er det i gang arbeid med eit handlingsprogram for disponering av område for friluftsliv.

Forenklingar i arbeidet med deling og registrering av grunneigedommar er gjennomførte ved at endringar i delingslova er vedtekne i Stortinget.

Regjeringa har godkjent fylkesplanen for 17 av fylka i landet.

Generalplanlegginga i kommunane i landet er i godt gjenge. Det er sett i gang eit aksjonsprogram for å stimulere dette arbeidet endå meir.

Stortinget har vedteke en ny lov om lokal og regional planlegging. Siktemålet med lova er å styrke samordna planlegging under folkevalde organ og forenkle planleggingslovgjevinga.

Arbeidet med å styrke og betre nærmiljøa er intensivert. Noreg har teke aktivt del i den europeiske kampanjen for betre bymiljø.

Det er teke opp nye oppgåver innan kulturminnevernet, m.a. brannsikring av stavkyrkjene våre.

Tidspunktet for regulering av grunnbeløpet i folketrygda er frå og med året 1981 endra frå 1. januar til 1. mai. Grunnbeløpet vart auka 1. januar 1981 til kr. 17 400 og 1. mai til kr. 19 100. Satsen for særtillegg er auka med 4 prosenteiningar for alle minstepensjonistar. Det er gjort framlegg om ein ny regulering av grunnbeløpet til kr. 19 600 frå 1. oktober 1981. Etter dette vil minstepensjonen bli kr. 29 508 og for ektepar kr. 47 790.

Barnetrygda vart 1. januar auka med kr. 552 i året for det første barnet og kr. 192 for dei andre barna.

Fra 1. januar 1981 er stønaden til einslege forsørgjarar frå folketrygda utvida til også å gjelde skilde og separerte foreldre og ugifte fedre som åleine har omsorg for barn.

Foreldrelause som tek utdanning, har frå 1. mai 1981 barnepensjon frå folketrygda fram

til dei har fylt 20 år. Tidlegare var aldersgrensa 18 år.

Frå same datoен vart det gjennomført ei ordning som sikrar dei som er fødde uføre, eller som blir uføre før dei har fylt 20 år, ein viss minste tilleggspensjon. Tilleggspensjonen for desse skal minst svare til eit sluttøengtal på 2, det vil seie kr. 17 190 frå 1. mai 1981.

Med verknad frå 1. mai 1981 vart det også teke inn heimel i folketrygdlova for at ein skal ha rett til sjukepengar under yrkesattføring.

Arbeidstakarar som høyrer inn under bergverksordninga for Svalbard, og som er trygda etter folketrygdlova, har frå 1. januar 1981 rett til medisinsk stønad og sjukepengar slik som folketrygdlova fastset, i same grad som andre trygda.

Mellombels lov om stønad til skilde og separerte forsørgjarar er teken inn i lova om folketrygd med verknad frå 1. januar 1981.

Ved utgangen av 1979 var det 8 832 barn og unge under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse vart 2 646 «nye» vernetiltak sette i verk i 1979.

Nye førebyggjande tiltak:	1 731	(totalt 3 208)
Fosterheimspllasseringar:	364	(totalt 2 918)
Barneheimspllasseringar	256	(totalt 702)

Talet på barneheimar er redusert frå 145 i 1970 til 66 i 1979. I 1981 er det løyvt rammetilskott på 36 millionar kroner til delfinansiering av barnevernsinstitusjonane.

Sosialkontora ytte sosialhjelp i vel 57 000 tilfelle i 1979. Dette er vel 2 000 fleire tilfelle enn året før. I gjennomsnitt var det 14 stønadstilfelle pr. 1 000 innbyggjarar. Det er i 1981 løyvt til saman 150 millionar kroner til sosial administrasjon og sosial stønad i kommunane.

I 1979 var det i alt vel 28 000 som vart innlagde i alkoholistinstitusjonar, og av desse om lag 15 400 i avrusningsstasjonar. Om lag 22 000 personar vart i 1979 meldt til edruskapsnemndene, og av desse var det om lag 1 860 kvinner.

I 1979 hadde alle kommunane i landet tilbod om heimehjelp, men det var 11 kommunar som ikkje hadde husmorvikarteneste.

Nærare 140 000 heimar fekk hjelp gjennom hjelpeordningane i 1979, og det vart utført om lag 9 300 årsverk.

For 1980 vart det sett ei øvre grense for fusjon til aktivitetar som svarer til eit aktivitetsnivå som ligg 2 prosent høgare enn i 1979. For 1981 er det løyvt ein sum, 439 millionar kroner, som er 30 millionar meir enn det som er nødvendig for å halde oppe det reelle aktivitetsnivået. Auken er fordelt slik at den er med på å jamne ut dei geografiske ulikskapane i ressursfordelinga.

Det er dessutan løyvt eit rammetilskott på 155 millionar kroner til kommunane til tiltak for eldre og uføre.

Det er etablert ei samla sosialavdeling ved fylkesmannsembeta. Den fremste oppgåva for avdelinga er å gje informasjon, råd og rettleiing i sosiale spørsmål til kommunane, og å føre tilsyn med den kommunale sosialtenesta.

Avdelinga er sett saman av 1 barnehagekonsulent, 1 barnevernskonsulent og 2 konsulenter for sosial omsorg.

Garantien frå Regjeringa om å ta imot vietnamesiske flyktningar som blir tekne opp av norske skip, har ført til at det har komme ekstra mange flyktningar til landet. I 1979–81 har vi teke imot om lag 3 000 vietnamesiske flyktningar, det vil seie om lag 1 000 pr. år. Over statsbudsjettet er det i 1981 løyvt 66 millionar kroner til flyktninghjelpa.

Det er gjort ein del endringar i lov om psykisk helsevern som har forenkla reglane for inn- og utskriving av psykisk helsevern, innført snarhjelp og klarlagt lovgrunnlaget for tvangsmedisinering i visse høve.

Det er sett i verk tiltak mot narkotikamisbruk på ei rekke felt under fleire av departementet sine ansvarsområde.

Det blir arbeidd med tiltak som kan dempe utgiftsauken i sjukehussektoren.

Det er sett i gang eit utgreiingsarbeid om kvinnemishandling som m.a. omfattar kartlegging og registrering av mishandla kvinner på eit utval av sjukehusa i landet.

Ved utgangen av 1980 var det innført heimesjukepleieordningar etter Sosialdepartementets retningslinjer av 1. januar 1972 i 448 kommunar.

Reglane for utskriving av vanedannande legemiddel er vortne strengare, og kontrollen med utskriving av slike preparat er skjerpa. Dette har ført til ein nedgang i omsetninga av legemiddel som kan misbrukast.

Legemiddel som set ned kjøreevna, evna til å passe farlege maskiner eller utføre anna farefullt arbeid, skal merkjast med varseltrekant.

Tannhelsa hos barn og ungdom held fram med å betre seg. Den offentlege tannhelsetenesta har utvida tilbodet om tannhelsetilsyn og fri tannbehandling til å gjelde psykisk utviklingshemma utan omsyn til alder. Vidare blir det bygd ut ordningar med oppsökjande tannhelsetilbod til grupper av eldre, uføre og langtidspasientar i institusjonar og under pleie i heimane.

Det blir arbeidd med å følgje opp forhandlingsplanen for jamstelling, som vart vedteken av Stortinget i sommar. Planen vil føre til auka tiltak for å betre stoda til kvinnene i arbeidsliv og utdanning på fleire ulike måtar

og økonomisk stønad til arbeidet for kvinnesak i private organisasjonar.

Utbygginga av barnehagar held fram. Vel 80 000 barn har i dag plass i barnehage. Det utgjer vel 20 prosent av forskolebarna.

Vi har no om lag 2 500 plassar i fritidsheimear for dei yngste skolebarna.

Utbygginga av fritidsklubbar i kommunane held fram. I dag har 150 kommunar fritidsklubbar, mot om lag 100 for tre år sidan.

Arbeidet med å prøve ut fritidsklubbtiltak som ledd i å førebyggje narkotikaproblem held fram.

Det er gjeve tilskott til 24 kommunar som har utarbeidd eigne barneplanar. Forsøks- og utviklingsarbeidet for å betre oppvekstkåra for barn i kommunane er ført vidare.

Det er gjeve økonomisk stønad til forskning, forsøk og opplysningsverksemd på område som gjeld levekåra for familiar, oppvekstkår for barn, tilhøva for kvinner og likestilling mellom kjønna.

Lov om barneombod vart vedteken av Stortinget i februar 1981. Barneombodet er utnevnt og sekretariatet er etablert.

I perioden har Stortinget vedteke to viktige endringar i lov av 16. juni 1972 nr. 47 om kontroll med marknadsføring og avtalevilkår.

Reglar om regulering og kontroll av standardkontrakter tok til å gjelde 1. april 1981. Dei nye reglane gjev Forbrukarrådet og Marknadsrådet rett til å gjennomføre kontroll med formularar for standardkontrakter. Dessutan skal Forbrukarombodet kunne føre forhandlingar med næringsdrivande om vilkår i standardkontrakter.

Reglar om informasjonsplikt i marknadsføring m.m. tok til å gjelde 10. september 1981. Endringane tek sikte på å betre informasjonen i marknadsføringa. Etter drøftingar mellom Forbrukarrådet og representantar for næringslivet vil det bli gjeve forskrifter om kva informasjon ein skal gje innan dei einskilde områda.

Nemninga Forbrukarombodsmannen er frå same dato endra til Forbrukarombodet.

Forskriftene om prisfastsettjing og meldeplikt vart frå 1. januar 1981 avløyst av forskrifter om meldeplikt for pris- og avansauke. Desse forskriftene gav friare forhold når det galdt å fastsetje prisar. Med verknad frå 3. august 1981 vart det innført prisstopp for resten av året.

Utgiftene til utdanning, kyrkje- og kulturfomål på stats- og kommunebudsjetta er i 1981 om lag 22 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1 068 prestestillingar og 61 kateketstillingar. Feltpreststillingane og fengsels- og sjukehuspreststillingane er her ikkje rekna med. Etter måten er det få sokja-

rar til ledige kateketstillingar, medan søkerar til ledige prestestillingar er betre enn tidlegare. Arbeidet med gjennomføring av ymse tiltak i høve til stortingsmeldinga om stat og kyrkje er i gang.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1980–81 var om lag 853 700. I utlandet er det no om lag 4 400 norske elevar og studentar, grunnskoleelevar ikkje medrekna.

I skoleåret 1981–82 er det om lag 580 000 elevar i grunnskolen. På barnesteget går elevtalet ned, mens det på ungdomssteget framleis aukar noko. Utvida opplæring er normalordning for heile grunnskolen.

Stadig fleire funksjonshemma elevar får no opplæring i den vanlege skolen. I skolane for spesialundervisning og ved sosiale og medisinske institusjonar går talet på elevar i alderen 7–16 år framleis ned.

I den vidaregåande skolen har fylkeskommunane vanskars med å halde den utbyggingsstakta som dei tidlegare har planlagt, og som ligg til grunn for langtidsbudsjettet. Tilhøva på arbeidsmarknaden, saman med voksteren i ungdomskullet førte derfor til at mange søkerar i første omgang vart avvistre. Tiltak er sette i verk for å skaffe plassar til fleire elevar og for å stimulere til auka inntak av lærlingar.

Dei statlege midlane som vart stilte til disposisjon for fylkeskommunane, gav grunnlag for 6 500 fleire elevplassar i tillegg til dei om lag 1 100 nye plassane som fylkeskommunane hadde budsjettert med. I høve til 1980 kan auken til saman komme opp i om lag 7 600 elevplassar. Kor stor den faktiske voksteren i elevtallet er, vil det ta noko tid å få klarlagt, fordi mange trekkjer seg etter at skolane er i gang.

Tilskotta til læreverksemder vart òg auka i 1981. Auken var på 50 %, slik at satsane no er 6 800 kroner for lærling med skole på førehand og 9 000 kroner for lærling utan skole på førehand. For kommunar som kjem inn under Nord-Noreg-planen er satsane 9 000 kroner og 12 000 kroner.

Ny lov om fagopplæring i arbeidslivet vart sett i kraft frå 1. januar. Lova har vore med på å gje denne alternative utdanningsvegen eit betre grunnlag for utvikling og vokster. Det er gjeve statlege tilskott til dei fylkeskommunale yrkesopplæringsnemndene og førebels til eit opplæringsråd. Informasjonstiltak for å stimulere til ein auke i talet på lærlingar er sette i verk og vil halde fram utover hausten.

Ved utgangen av juli månad var det om lag 292 000 m<sup>2</sup> skolebygg i arbeid.

Ved dei regionale høgskolane er det i haust om lag 34 000 studentar. Det er då rekna med

dei institusjonane som gjev utdanning på høgskolenivå av helsepersonell, og som i 1981 er ført over frå Sosialdepartementet til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Desse skolane har i haust om lag 7 500 studentar. Det er om lag 12 500 studentar ved dei pedagogiske høgskolane, 6 300 ved distrikthøgskolane og 5 400 ved ingeniørhøgskolane.

Den nye distrikthøgskolen i Steinkjer har i haust teke opp sitt første studentkull med 60 studentar til administrasjon/økonomi og landbruksøkonomi.

Det er tilsett rektor til å planleggje den nye sosialhøgskolen i Florø. Lov om eksamen ved universitet og høgskole gjeld no for dei regionale høgskolane. Det er fastsett reglement for korleis studentar kan kombinere utdanning frå fleire høgskolar til ein særskilt «cand.-mag.- grad». Dei siste to av dei i alt 17 regionale høgskolestyra har fått særskild sekretariatsleiar. Departementet har no delegert tilsetningsmakt for undervisningspersonale i pedagogisk høgskole og ingeniørhøgskolane til dei regionale høgskolestyra.

Ved universiteta og dei andre høgskolane er det i haust om lag 41 500 studentar.

40 opplysningsorganisasjonar har allmenn rett til statstilskott. Ved å bruke billegare studieformer som likevel er pedagogisk forsvarlege, vil omfanget av studieverksemda i organisasjonane kunne halde seg på om lag same nivå i 1981 som i 1980.

Innanfor den vaksenopplæringa som skoleverket har ansvar for, en vilkåra lagde betre til rette for undervisning av funksjonshemma og andre svakt stilte grupper. I 1980 var det om lag 67 000 deltagarar i førstegongsutdanning for vaksne i grunnskolen og den vidaregåande skolen med i alt om lag 498 000 undervisningstimar.

Norsk fjernundervisning er no i full drift og har produsert opplæringsprogrammet «Funksjonshemma?» som blir sendt i NRK i haust.

I samband med strukturendringane i industrien har departementet i samarbeid med hovudorganisasjonane i arbeidslivet utarbeidd fleire nye undervisningsplanar for arbeidsmarknadskurs med sikte på å føre deltagarane fram til full fagopplæring i det faget det gjeld. Dette arbeidet vil halde fram.

Det er no i gang 88 folkehøgskolar med eit samla elevtal på om lag 7 700.

I undervisningsåret 1981–82 er norma for studiestønad til elevar og studentar 2 590 kroner månaden, grunnstipendet er då rekna med. Bortebuarstipendet er auka med om lag 9,5 % til 4 880 kroner i 1981–82. Satsane for dei behovsprøvde stipenda er òg sette noko opp.

Det er i år fordelt 23 millionar kroner til

bygging av studentbustader. Summen vil gje om lag 450 nye hybeliningar.

Den nye kringkastingslova med føresegner tok til å gjelde 1. juli i år.

I 1981 vil om lag 435 kunstnarar nytte godt av ordninga med garantiinntekt for kunstnarar. Det blir gjeve stipend til 568 kunstnarar. Av desse er mellom anna 110 arbeidsstipend på 48 000 kroner og 215 stipend til eldre fortente kunstnarar. 12 kunstnarar har livsvarige kunstnarlønner. Til saman vil om lag 1 015 kunstnarar nytte godt av stønadssordningane.

Hausten 1980 vart det gjort avtale med kunstnarorganisasjonane om vederlag for arbeid i stipendkomitear. Med dette er det gjort ni avtaler med dei 27 kunstnarorganisasjonane som har fått rett til å tinga med staten om vederlag. Forhandlingar med organisasjonane om nye avtaler og revisjon av inngåtte avtaler held fram.

Ved dei fire symfoniorkestra som får fast statsstønad, er det i 1981 oppretta 12 nye musikarstillingar. I alt er det då 233 faste musikarstillingar ved desse orkestra. Publikumsbesøket ved orkesterkonsertane var i 1980 om lag 161 000, medan Riksconsertane hadde eit publikumstal på om lag 1,2 millionar.

Dei offentleg stødde teatra hadde i 1980 om lag 4 700 framsyningar med eit samle publikumsbesøk på om lag 1,1 millionar. Sceneområdet til Nationalheatret vart herja av brann hausten 1980. Ein vurderar no i kva form bygningen skal etterreisast. Prosjekteringa av nybygget for Det Norske Teatret har halde fram.

Åtte norske spelefilmar hadde premiere i 1980. Publikumstalet ved kinoane var i 1980 om lag 17,5 millionar. Av desse såg om lag 1,1 millionar norske filmar.

Samla utlån frå folke-, fylkes- og skolebibliotek var om lag 22,6 millionar.

Musea hadde eit besøkstal på om lag 3,9 millionar.

Overskottet ved Norsk tipping A/S var i 1980 414 millionar kroner til lik fordeling til idrettslege og vitskaplege formål. Dette er ein auke på 49 millionar kroner frå 1979. Av summen på 207 millionar kroner til idrettsformål gjekk 116,3 millionar kroner til idrettsanlegg, 79,3 millionar kroner til Norges Idrettsforbund og 11,4 millionar kroner til andre idrettsformål. Av summen til idrettsanlegg gjekk 99 millionar kroner til anlegg i idrettskrinsane. Mellom anna vart det gjeve tilskott til 35 idrettshaller, 26 symjehaller og 43 samfunnshus.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 126. ordentlige Storting, som Deres Majestet i dag har erklært åpnet, er det første i en ny valgperiode. Mange av de representanter som møter i det nyvalgte storting, har også møtt i tidligere perioder. Disse representantars innsikt og erfaring vil være av stor betydning for Stortingets arbeid. Det møter også mange nye og til dels unge representanter, som kommer med friske krefter og ny vilje til innsats.

Stortinget er det grunnleggende element i vårt folkestyre. Det er et karakteristisk trekk at de tillitsvalgte representanter har direkte og nær kontakt med folk i alle deler av landet. Det er viktig at denne nære forbindelse opprettholdes også når samfunnet blir stadig mer komplisert, med fare for at avstanden mellom det politiske liv og menneskenes hverdag kan bli for stor.

Mange steder utenfor vårt lands grenser har det virkelige folkestyre og rettsstaten meget vanskelige kår i dag. Derfor må vi som har dette umistelige gode, beskytte det i vårt daglige virke.

I de usikre tider verden gjennomlever, må vi opprettholde vern om nasjonens uavhengighet og stadig gi vårt bidrag til et konstruktivt fredsarbeid og bedre mellomfolkelige forhold.

Den gjerning som representantene nå skal ta fatt på, legger et stort ansvar på hver enkelt av oss.

I forvissningen om at Stortinget og representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange store oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges til behandling i et senere møte. – Dette forslag anses bifalt.